

BANE NOR SF  
Postboks 4350  
2308 HAMARDato: 06.04.2018  
Vår ref.: 2014/11423-15  
Saksbehandlar: erlhofs  
Dykkar ref.:

## Vedtak om dispensasjon frå freding – Gamle Vossebanen og Garnes stasjon, Bergen kommune – signal- og teletekniske anlegg

Me viser til dispensasjonssøknad datert 16. mars 2018 for Gamle Vossebanen, gnr./bnr. 43/820 mfl. i Bergen kommune (Askeladden-ID 229139) og for Garnes stasjon, gnr./bnr. 284/458 i Bergen kommune (Askeladden-ID 87657). Ansvarleg søkjar er Bane NOR SF, etter avtale med Norsk Jernbaneklubb – Museet Gamle Vossebanen, som eig bygningane på Garnes stasjon og driv museumsjernbane på strekninga.

### Fredingsheimel og mynde

Gamle Vossebanen er freda gjennom forskrift, dagsett 15. september 2016, med heimel i kulturminnelova § 22a. Fylkeskommunen har i medhald av same forskrift § 7 mynde til å gjera unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner. Garnes stasjon er freda gjennom vedtak, dagsett 26. november 2002 med heimel i kulturminnelova §§ 15 og 19. Fylkeskommunen har i medhald av forskrift 9. februar 1979 om fagleg ansvarsfordeling mv etter kulturminnelova, § 12 nr. 2 mynde til å gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner.

### Vedtak:

Med heimel i lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminnelova) § 22a andre ledd, jf. § 15a første ledd, og med heimel i lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminnelova) § 15a første ledd vert det gjeve dispensasjon til å gjera følgjande tiltak på Gamle Vossebanen, 43/820 mfl. i Bergen kommune og på Garnes stasjon, gnr./bnr. 284/458 i Bergen kommune: oppsetting av signal- og teletekniske anlegg ved Gamle Vossebanen, som skildra i søknaden med vedlegg og oppsummert nedanfor.

Dispensasjonen gjeld på følgjande vilkår:

Situasjonen før og etter at tiltaka er gjennomført skal dokumenterast med foto. Rapport med foto og kort beskrivande tekst sendast til Hordaland fylkeskommune årleg.

Dispensasjonen gjeld i ti år frå vedtaket er motteke. Det kan søkjast om forlenging, dersom det ligg føre særlege grunnar.

### Dei omsøkte tiltaka

Søknaden gjeld oppsetting av signal- og teletekniske anlegg ved Gamle Vossebanen, på grunnlag av «Gamle Vossebanen. Samlet (re)etableringsplan Signal- og teletekniske anlegg» («Signalplanen»). Tiltaka i signalplanen vil auka tryggleiken ved jernbanedrifta og formidla bruken av signalanlegg ved jernbanene i eit museumsperspektiv.

Dei omsøkte tiltaka inneber installering/tilbakeføring av enkeltobjekt eller anlegg som dels er identisk med det som har stått på same stad tidlegare, eller som har vore i bruk på andre delar av Vossebanen, Bergensbanen eller andre delar av det norske jernbanenettet. Tiltaka vil i størst mogleg grad innebera gjenbruk av eksisterande komponentar av same art som dei som før var i bruk langs banen.

Dei einskilde tiltaka kan i hovudsak oppsummerast slik:

- På Garnes stasjon: innkøyringssignal i begge endane av stasjonen, montert på betongfundament brukt til same formål; nedgravne kablar mellom signala og stasjonsbygningen; kabelføringar gjennom bygningskroppen; og i togekspedisjonskontoret på Garnes stasjon tilbakeføring av stillerapparat for enkelt innkøyringssignal og samlelås, og tilbakeføring av D-låskasse for Seimsmark sidespor.
- På Arna gamle stasjon: enkelt sikringsanlegg i begge endane av stasjonen, montert på historiske fundament der dei finst; nedgravne kablar mellom signala og stasjonsbygningen; kabelføringar gjennom bygningskroppen; og oppsetting av stasjonsur på stasjonsbygningens fasade, av same type som var montert utvendig på bl.a. Vestfoldbanen.
- På Arnatveit planovergang: etablera vegsikringsanlegg, om mogleg av eldre type.
- Ved Haukeland stasjon: tilbakeføra sikringsanlegg i begge endane av stasjonen, montert på historiske fundament der desse enno finst; vegsikringsanlegg på to planovergangar, om mogleg av eldre type; tilbakeføra dvergsignal, togsporsignal, telefonapparat/skap, sporvekseldrivmaskinar og anna tilhøyrande utstyr inne på stasjonsområdet; nedgravne kablar mellom signala, sporvekslane, telefonskapa og stasjonsbygningen.
- På Erdalsveien planovergang: reetablera vegsikringsanlegg, om mogleg av eldre type.
- Ved Midttun stasjon: montera sikringsanlegg i austre ende av stasjonen, på nye fundament; nedgravne kablar mellom signala og fram til og over brua som dannar fredingsgrensa mot Midttun stasjon.

Bane NOR ber om at dispensasjonen vert gjeve med ei gjennomføringsfrist på minimum ti år, grunna forventa lang realiseringstid for tiltaka.

### Vurdering

Reetablering av signal- og teletekniske anlegg vil tilføra Gamle Vossebanen vesentlege komponentar for at banen skal framstå og fungera som eit heilskapleg jernbaneteknisk kulturminne. Med signalplanen ligg det føre eit grundig kunnskapsgrunnlag og ein heilskapleg plan for tiltaka. Me er samd i grunngjevinga i signalplanen og i søknaden om at Gamle Vossebanen, som den einaste museumsjernbanen som er del av ein tidlegare hovudlinje, er den mest høvelege staden på landsbasis for å formidla historiske signalanlegg, og at den beste måten å formidla denne delen av historia på er å re-integrera han i den operative drifta til museumsjernbanen.

Mange av tiltaka inneberer ei tilbakeføring av element som svarar til dei ein tidlegare fann på same staden. Ein viktig del av bakgrunnen for fredinga var å sikra Gamle Vossebanen som ein representant for hovudlinjene i det norske jernbanenettet. Det same gjeld for formidlinga og drifta som museumsjernbane. Dette gjer at me også kan slutta oss til oppsetting av komponentar som har ikkje eksistert i heilt same form på same staden, men som har vore i bruk andre stadar på Vosse- eller Bergensbanen, eller elles i det norske jernbanenettet. Dette gjeld også montering av stasjonsur der dette ikkje er sikkert dokumentert. For alle tiltaka gjeld at dei er reversible tillegg til eksisterande situasjon. Både enkeltvis og samla vil dei støtta formålet med fredinga. Tiltaka er òg i samsvar med intensjonen i forvaltingsplanen for Gamle Vossebanen.

For å kunna gi dispensasjon frå fredinga kravst at tiltaket ikkje inneber eit vesentleg inngrep i kulturminnet og at det ligg føre eit særleg tilfelle. Tiltaka vil ikkje innebera vesentlege inngrep. Dei vil vera viktige for bruken av kulturminnet, gi auka tryggleik og utgjera tilbakeføringar, og det ligg dermed føre særlege tilfelle. Tiltaka vil auka kunnskaps-, opplevings- og bruksverdiane og vert difor godkjent som omsøkt.

**Klagehøve**

Vedtaket kan klagast inn til overordna forvaltningsstyresmakt, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage sendast til fylkeskommunen innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 29. Om fylkeskommunen ikkje tek klaga til følgje, vert ho sendt vidare til Riksantikvaren, som gjer vedtak i saka med endeleg verknad.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
NORSK JERNBANEKLUBB, GAMLE VOSSEBANEN  
RIKSANTIKVAREN  
BERGEN KOMMUNE